

## Utviklingsavdelinga

### ÅL KOMMUNES REGLAR FOR NEDSETJING AV TETT TANK FOR AVLØPSVATN.

Vedteken av Sektorutval for teknisk, næring og ressurs den 15.08.2011. Saksnr.59/11

Reglane er utarbeidd med tilvising til § 22 i Forurensningslova og erstattar Reglar for nedsetjing av tett tank for avløpsvatn i Ål kommune. THUsak 15/03 den 17.03.2003.

-

Før det vert sendt inn søknad om utsleppsløyve til tett tank for avløpsvatn skal alle andre tekniske løysingar vera vurdert. Dette skal gå fram av søknaden, og tett tank skal vera siste alternativ som reinseløysing. Som hovudregel skal tett tank bare nyttast for avløp frå vassparande vassklosett. Løyve til utslepp til tett tank for alt sanitært avløpsvatn kan bare unntaksvis bli gjeve, og primært bare som mellombels løysing.

Arbeidet med nedsetting av tett tank er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova.

Det vert sett fylgjande krav for nedsetting av tette tankar for avløpsvatn:

1. Tanken skal vera godkjent etter gjeldande Norsk Standard eller anna godkjent sertifiseringsorgan og leverandørens rettleiar for montering må fylgjast. Lok for tømning må vera lett tilgjengeleg, men godt sikra mot utilsikta opning. Tanken skal kunne trykkprøvast.
2. Tanken må plasserast i ein avstand frå heilårsveg på maksimum 50 meter og botn på tanken skal ligge mindre enn 6 meter under vegnivå.
3. Om grunnvasstand kan bli høgare enn botn på tanken, må tanken sikrast mot oppdrift.
4. Storleiken på tett tank skal vera min. 6 m<sup>3</sup> ved bruk av vassparande gravitasjonstolett og min. 3 m<sup>3</sup> ved bruk av vakuumtoalett. Storleik på tank for alt sanitært avløpsvatn vurderast i kvart enkelt tilfelle.
5. Det skal monterast varsel for høgt nivå i tanken.
6. Tømning av tett tank er med i den kommunale tømmeordninga, og tanken skal tømast minst ein gong i året. Er det trong til fleire tømningar er det anleggseigarans ansvar å ta kontakt med godkjent firma for dette.
7. Anleggseigar pliktar å utbetre feil på avløpsanlegget utan ugrunna opphald.
8. Om det i framtida kjem privat eller offentleg felles avløpsanlegg i nærleiken av eigedomen skal avløp koplust til dette.